

# INDUSTRIKONSULENTEN PÅ OSTERØY

## Årsmelding 2002

Våren 2001 starta det 3-årlige prosjektet **"Nyskaping i småbedriftsmiljø"** med eit budsjett på 1,8 mill kr. Dette er eit prosjekt under den strategiske næringsplanen for Hordaland. Osterøy Utvikling er prosjektansvarleg og Industrikonsulenten er prosjektleiar. Industrikonsulenten har i 2002 nytta mykje tid til dette prosjektet.

I 2002 fekk Osterøy-næringslivet berre 1,2 mill kr i **kompensasjon for den auka arbeidsgjevaravgifta**. For 2002 skulle Stortinget ha løyvd ca 10 mill kr. Industrikonsulenten er sekretær for kompensasjonsstyret som har engasjert seg sterkt for å få "full" kompensasjon. Styret har klart å forvalte innvilga midlar godt. Mykje av pengebruken utløyer vesentleg med andre midlar. I 2002 vart arbeidet med utbetingar av fleire strekningar på riksveg 567 mellom Hosanger og Tysse fullførd. Det vart også gjennomført ei breibandutgreiing.

Talet på **nye oppdrag** var på same nivå som dei siste åra; 62 (2001;54). Talet på **etableringsoppdrag** var på samme høge nivå; 38 (35). Desse nye etableringsoppdraga har /vil resultere i **meir enn 15 ny verksemder**. I dette talet er ikkje rekna med nyetableringar i 2002 i samband med oppdrag som er registrerte året før/ tidlegare år.

I 2002 arbeidde industrikonsulenten ca 90 % stilling (formelt er stillinga på 50%). Året før var stillingsprosenten 80.

Industrikonsulenten er **sekretær for Osterøy Industrilag**. Industrilaget har hatt mykje fokus på kompensasjon for auka arbeidsgjevaravgift, samferdsle og ikkje minst iherdig arbeid for å unngå nedlegging av Osterøy vidaregåande skule, noko som lukkast. Sjå eiga årsmelding.

**Kommunen har gitt tilskott** til Industrikonsulent-verksemda også for 2002. Kommunen held kontor til Industrikonsulenten.

Me får tilskott på kr 20.000 frå **Hordland fylkeskommune** via **Osterfjord Nærings-samarbeid** til næringsutviklingsarbeid. Næringsutviklingssamarbeidet i Osterfjorden er kome i god gjenge.

### OPPDRAG

Forutan ein del oppdrag frå året før som det har vore arbeidd vidare med, har Industrikonsulenten altså fått **62 nye oppdrag i 2002**. Dette er både reine kontakt- og informasjonsformidlingsoppdrag og oppdrag der konsulenten har gjort ein "jobb" for verksemda. Omfanget av oppdraga varierer frå oppdrag som vert løyste pr telefon til det største bedriftsoppdraget (gjennom prosjektet "Nyskaping i småbedriftsmiljø") som var på over 200 timer.

Oppdraga var fordelt slik:

	2001	2002
Nye etableringsoppdrag	35	38
Nye oppdrag for etablerte verksemder	19	24
<b>SUM</b>	<b>54</b>	<b>62</b>

I tillegg til det som er registrert som "oppdrag" kjem ei rekke kontaktar med verksemndene gjennom sekretærfunksjonen for Industrilaget og gjennom prosjektarbeid, t.d. "Nyskaping i småbedriftsmiljø" og kompensasjonsmidlane.

For dei fleste av etableringsoppdraga, var ønsket om å ha ein "samtalapartner" utgangspunktet for kontakten. Von om gunstig "finansiering/tilskott" var utgangspunkt for ein del. Det at det finst tilskotsordningar, er eit hjelpemiddel til å kome i kontakt med oppdragsgjevarane. Men det er svært få som oppnår å få tilskott av noko omfang. Døme på breidda i tema som bakgrunn for kontakten er vist i siste del av årsmeldinga.

Følgjande oppstilling syner korleis oppdraga er fordelt med omsyn til storleik på verksemndene:

Tilsette	Tal oppdrag
Nyetablering	38
1-4	7
5-9	2
10-19	9
20-49	6
50-100	-
<b>SUM</b>	<b>62</b>

Fordelinga er godt i tråd med målet om å prioritere dei minste verksemndene.

84 % av oppdraga er komne i stand etter direkte initiativ frå kunden. Dette inneber at det er kundane sjølve som i stor grad finn fram til og spør etter hjelp

frå Industrikonsulenten. Kva oppdrag Industrikonsulenten arbeider med vert i stor grad styrd av dette. Ved 70% av oppdraga var første kontakt pr telefon. 25% av oppdraga starta med personleg kontakt. Dette er eit noko høgare tal enn tidlegare år. Oppdraga har vore frå 58 (51) ulike etablerarar / verksemder. For 2 verksemder er det for kvar handsama 3 oppdrag.

Oppdraga for **eksisterande verksemder** bransjefordelt:

Mekanisk industri	12
Anna industri	4
Andre bransjar	8
<b>SUM</b>	<b>24</b>

**Etableringsoppdraga** bransjefordelt:

Ulike former for tenester	18
Handel	4
Bygg og anlegg	6
Anna	10
<b>SUM</b>	<b>38</b>

Det er vanskeleg å seie kor mange verksemder det vert av desse etablerings-sakene, mange etableringar skjer over tid, men allereie dreier det seg om ca 15 verksemder.

## ANDRE SAKER INDUSTRIKONSULENTEN HAR ARBEIDD MED

Forutan å vera **sekretær for Osterøy Industrilag** (sjå eiga årsmelding) har Industrikonsulenten arbeidd med mellom anna følgjande oppgåver av meir generell karakter for Osterøy-næringslivet;

\* Som nemnt i innleiinga, får Osterøy-næringslivet **kompensasjon for auken i arbeidsgjevaravgifta** frå 1.1.2000 t.o.m. 2003. Industrikonsulenten er sekretær for kompensasjonsstyret på timebasis. Industrikonsulenten har delteke aktivt i det politiske arbeidet for å få inn att fulle løvingar frå Stortinget for 2002 og 2003. Kompensasjonsstyret har øyremerket vel 80% av midlane til **ny veg mellom Hauge og Lonevåg**. Oppfølging av reguleringsarbeidet har vore viktig sak i 2002. Sekretæren har også arbeidd med **"Prosjekt næringsareal"** som underlag for kommuneplanprosessen og med utgreiing av **breibandutbygging**. Oppfølging av vegutbetringssaker har også vore viktig. Det vert elles vist til årleg statusrapportering frå kompensasjonsstyret.

\* Prosjektet **"Nyskaping i småbedriftsmiljø"** starta opp i mai 01. Målet er å gjøre Osterøyverksemndene endå meir nyskapande ved å spele på det aktive småbedriftsmiljøet me har. Vidare vert det lagt vekt på formidling av resultat frå dette arbeidet. Osterøy Utvikling er prosjektansvarleg, Industrikonsulenten prosjekteiar.

Prosjektarbeidet er no i god gjenge. Det er gjennomført situasjonsanalyser i 11 verksemder. Det

er gjennomført temamøte om 3D DAK. Eit program med praktisk leirartrening og auka innovasjonskompetanse er starta opp med 12 deltararar. Fleire produktutviklingsporsjekt og nye forretningsidear får grundig oppfølging. Ein fellesnemnar for fleire er miljøprodukt, m.a. innan bioenergi.

Totalbudsjettet over 3 år er på 1,8 mill kr.

\* Det har ikkje vore starta nytt **etablerarkurs** i regi av Osterfjord Næringsamarbeid i 2002. Planen er å invitere til nytt kurs i 2003.

\* Osterøy er med i prosjektet **"Nærinnett"** ([www.narinett.no](http://www.narinett.no)) som inngår i den strategiske næringsplanen for Hordaland. Osterøy folkeboksamling i samarbeid med Industrikonsulenten sender **målretta informasjon pr e-post** til bedrifter på Osterøy via [www.narinytt.no](http://www.narinytt.no) Europakontoret i Hordaland fylkeskommune skaffar fram informasjonen. Base for informasjonsutsendinga er bedriftsregisteret [www.vestnett.no](http://www.vestnett.no) som biblioteket og Industrikonsulenten skal vedlikehalde.

\* Industrikonsulenten er styrerepresentant i **Osterøy Utvikling** og har samarbeid med **Osterfjord Reiselivslag**. Samarbeid med andre i regionen er kome i god gjenge gjennom det utvida næringssamarbeidet i **Osterfjordregionen** som no har Vaksdal Næringselskap AS som koordinator. Gjennom dette samarbeidet er det forebudd eit større prosjekt innan **nyskaping og kompetanseheving i landbruket**.

\* Industrikonsulenten deltek i **kontaktutvalet skule/næringsliv**. Den årlege utdanningsmessa vart skipa til i Osterøyhallen i haustsemesteret. Ordning med teknisk allmennfag er vurdert.

\* Fylkesrådmannen gjorde hausten 2002 framlegg om nedlegging av Osterøy vidaregåande skule. Dette kom heilt overraskande. Lokale aktørar vart samde om at Osterøy Industrilag i stor grad skulle fronte arbeidet for å unngå nedlegging. Sekretæren/ Industrikonsulenten la saman med styret ned eit stort arbeid her som heldigvis lukkast.

\* Industrikonsulenten er fadder for **ungdomsbedrift** ved Osterøy vidaregåande skule.

\* Industrikonsulenten har skaffa fram informasjon i samband med kommunedelplanen/ konsekvensutgreiinga for **ny veg mellom Tysse og Kallestadsundet**.

\* Industrikonsulenten bistod Osterøy museum i samband med omvising i verksemder som del av **Kystsogevekene**.

## MØTE, KURS, FOREDRAG

Forutan møteverksemd mm. i samband med ovan-nemnde kan nemnast;

\* Møte hjå **samferdslesjefen** i Hordaland fylkeskommune og møte med kommunen sin vegkommite.

\* Omvising i Osterøy-industrien for **2 studentar frå Litauen**.

\* Delteke ved møte i regi av Hordaland fylkeskommune om **etableraropplæring**.

\* Halde foredrag om samarbeid og nyskaping i Osterøy-næringslivet på **internasjonal konferanse om regional utvikling i Kaunas i Litauen**. Invitert av Hordaland fylkeskommune.

\* Foredrag om Osterøy-næringslivet i 4 10.klassar ved **Osterøy ungdomsskule**.

\* Delteke ved møte i Bergen for dei 14 kommunane som fekk **auka arbeidsgjevaravgift**.

## STYRINGSUTVAL

Styringsutvalet har hatt følgjande samansettning:

**Formann : Lars Magne Bysheim**

Willy Helgesen, vara Jorunn Jacobsen

Svein Hanstvedt, vara Jostein Jacobsen

Ordførar Ove Kleiveland.

## DØME PÅ SPØRSMÅL SOM INDUSTRI-KONSULENTEN HAR HANDSAMA I 2002.

- Me har rimelege lokale til leige. Kan du tipse aktuelle interesserte?
- Eg vil no arbeide heimanfrå framfor å pendle til byen. Eg vil snakke med deg om ein plan eg har.
- Me er kome borte ei reklamasjonssak og treng advokathjelp. Har du eit godt tips?
- Kan du lage ein rapport frå den synfaringa du nyleg hadde hjå oss?
- Eg vil starte butikk og treng nokre råd.
- Me vurderer å engasjere ein ekstern styreleiar. Har du nokre gode framlegg?
- Me vil starte import frå vårt heimland. Kan du hjelpe oss?
- Me manglar ordre og har økonomiske vanskar. Kan me få ein prat med deg?
- Me vil starte eksport. Kvar kan me skaffe kunnskap om fortolling og andre formalitetar.
- Eg har eit godt konsept for kurs/seminar. Har de eigna plassar på Osterøy for desse?
- Eg vil starte med budbil i Bergen. Er det mogeleg å få noko tilskott?
- Straumprisane ser no ut til å gjere det lønsamt å bygge ut mindre elver. Har du greie på bygging av småkraftverk?

- Eg held no mykje foredrag og lurer på om det er like godt å starte eige firma så eg slepp å belaste jobben min. Kva trur du?
- Me er blitt nekta levering. Kva seier konkurransereglane?
- Kan du hjelpe oss med ein søknad etter den nye skattefunnordninga?

## REKNESKAP 2002

	<b>Utgifter</b>	<b>Inntekter</b>
Tilskott frå Osterøy kommune		150.000,00
Tilskott frå fylket		20.000,00
Sekretærgodtgjersle Industrilaget		35.000,00
Konsulentonorar		103.977,02
Renter		10.015,93
Løn inkl sos utg*	155.222,00	
Seminaravgift m.m.		
Kontorkostnader	36.991,63	
Møtekostnader		
Telf/internettgodtgjersle	2.319,99	
Reise/diett elles	2.366,00	
Km godtgjersle	7.185,00	
Gebyr	165,00	
Revisjon	500,00	
Overskott **	114.243,33	
	<b>318.992,95</b>	<b>318.992,95</b>
Nordea 31.12.02	425.529,51	
Kundefordringar	10.250,00	
Leverandørgjeld		0
Skuldig skattetrekk		0
Skuldig arbeidsgj.avg.		0
Skuldig mva		22.782,00
Eigenkapital		<b>412.997,51</b>
	<b>435.779,51</b>	<b>435.779,51</b>

\* L Mjøs er i tillegg løna direkte frå Osterøy Utvikling for oppgåva som prosjektleiar for "Nyskaping i småbedriftsmiljø".

\*\* Inkluderer prosjektinntekter frå "Nyskaping i småbedriftsmiljø" på ca kr 50.000 for oppgåver utført året før.

Lonevåg februar/mars 2003

Norodd Helle  
revisor

Lars Mjøs  
kasserar

# **INDUSTRIKONSULENTEN PÅ OSTERØY**

**TIL DI TENESTE**

## **FOR KVEN ?**

Alle som driv eller har lyst til å driva næringsverksemd på Osterøy, har høve til å nytta Industrikonsulenten. Verksemda di eller planane dine kan vera frå dei minste til dei største og produksjonen din automatisert eller handverksprega.

## **KVA SLAG SPØRSMÅL ?**

Alle typar spørsmål som har med næringsverksemd å gjera, kan rettast til Industrikonsulenten. Me vil anten kunne svara på dei sjølv eller finna fram til stader der du kan få svar. Alle opplysningar vert handsama fortruleg.

## **KVA KOSTAR DET ?**

Tenestene til Industrikonsulenten er gratis dersom du er nyetablerar eller me treng kort tid for å finna svar på spørsmålet ditt. Dersom spørsmålet ditt krev meir arbeid, må du etter avtale betale ein timepris frå kr 250 til kr 350.

## **KVEN STÅR BAK ?**

Det er Osterøy Industrilag som har teke initiativ til stillinga og tilsett Industrikonsulenten. Osterøy kommune støttar stillinga økonomisk og held kontor og telefon. Industrilaget betaler sekretærgodtgjersle og ein del inntekter kjem frå oppdrag me utfører for næringslivet. Ordføraren er representert i styringsutvalet for verksemda.

## **KVEN ER ME ?**

**Lars Mjøs** har vore tilsett i deltids-stilling som Industrikonsulent sidan 1982. Han er utdanna sivilingeniør, maskinlina, ved Norges Tekniske Høgskule, no NTNU. Han har vidareutdanning innan undervisning og miljøvern, mellom anna arbeidsmiljøspørsmål.

Han har vore med å skrive boka "Fem små mekaniske verksteder" og boka "Grunnbok i bedriftslære".

Han har 1 års verkstadpraksis frå Nylands Mekaniske Verksted i Oslo før han tok til med utdanninga og han har arbeidd 2 år som skipsvinsjkonstruktør ved BMV, Hordvikneset. Han driv også eiga konsulentverksemd med etableraropplæring som spesialitet.

## **KORLEIS FÅ TAK I INDUSTRIKONSULENTEN ?**

Ring direktenummer 56 19 22 70, faks 56 19 21 01. E-postadressa er;  
[lars.mjøs@osteroyindustrilag.no](mailto:lars.mjøs@osteroyindustrilag.no). Du kan og vitje Industrikonsulenten i "bustaden" ved rådhuset på Hatland. Gi melding i resepsjonen i rådhuset dersom du ikkje får tak i Industrikonsulenten, så kontaktar han deg.  
Nærare informasjon finn du på [www.osteroyindustrilag.no](http://www.osteroyindustrilag.no)